



Brazzoka, her i Rosendal, spelar under Aktivitetsdagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Morgondagen blir ein stor jazzdag i Uskedalen. Ikkje berre vil vi få høyra dei stadig dyktigare ungdommane i Brazzooka om føremiddagen som ein del av programmet under Aktivitetsdagen. Dei har i det siste hatt stor suksess til dømes i Trondheim og Haugesund,**

**Om kvelden ligg det an til eit nytt høgdepunkt på Systrene Nilsen.**

# JAZZVERKET

m. venner på

## Systrene Nilsen

Laurd 11.06.11 kl: 22:00



[Jazzverket med vener spelar på Systrene Nilsen](#)

Vertskapet har kalla 'pakka' New Orleans aften og slår først an tonen gjennom matserveringa, nærare bestemt av skaldyr

med kreolsk twist.

Men klokka 22 skiftar det til framifrå musikalsk servering og då vil ein få oppleve eit spennande samspel mellom veteranar frå Rosendal-området og ytterst lovande ungdommar frå Uskedalen. 'Jazzverket med venner' kallar gruppa seg.

Den tradisjonelle Jazzverk-trioen Stein Haugen, Lars Storegjerde og Torkjell Nerhus har med seg den unge vokalist Ananda Gopi Storegjerde og frå Uskedalen stillar Vegard Døssland (trompet), Sindre Aksnes (slagverk) og Aleksander Rebaudo (vokal).

Saman bør desse 7 utgjera ein jazzgjeng som spenn over mange tidsaldrar!

Av Ola Matti Mathisen